



Jarle Fossheim orienterte om arbeidet som vert gjort i dag. Nye behov og auka interesse krev at det vert laga ny reguleringsplan for heile område.

Stor interesse og nye behov gjer at det må koma ny reguleringsplan for Børnes Industriområde. Det er ein føresetnad om område skal nyttast og få den utviklinga plassen fortener. Det var budskapet frå Jarle Fossheim, Kvinnherad kommune, prosjektleiar for tilrettelegging og tomtetildeing i dag. Eksisterande reguleringsplan går tilbake til 1978. Framlegg til revidert Kommuneplan vil også leggja nokre føringar for framtidig bruk.

Det var stor interesse for det opne møte i Uskedal utvikling med tema: Børnes Industriområde - status for arbeidet med tilrettelegging av nye tomter og vidare utvikling av område. Etter etableringa på 1970 talet og sal av nokre mindre tomter har det vore liten aktivitet på Børnes. I 2013 dukka det opp tre interessentar. Det vart laga eit forprosjekt som omfatta 3 tomter og veg på eit 20 dekar stort areale. 2016 var det store endringsåret. Det rasa inn med førespurnader på kjøp og bruk av areale. Nye ynskje og behov krev såleis ein langt meir aktiv rolle frå kommunen si side i høve til framtidig utvikling.

Frå administrasjonen si side i kommunen vert det snakka om ny reguleringsplan som bør ta med heile Børneset, der det i dag er eksisterande industri og verksemder, men også på ubrukt område. Eidsvik Eigedom ynskjer å skapa aktivitet på arealet dei eig vidare ut på neset i grensa til Hjønnevåg. Ei smal stripe farga grønt på kartet må endrast til industri. Arealet deira er totalt på 22 dekar.

Ny reguleringsplan bør også ta med framtidig bruk av Mørkevågen der det i dag er naust og LNF område. Ei regulering må også omfatta plassen der det i dag ligg to private hus. Om ein ser på framlegg til ny kommunedelplan, så er det uvisst kva som skjer med Klubben.

Etter innleiinga til Jarle Fossheim kom det fram synspunkt og merknader som prosjektleiaren bør ta med i det vidare arbeidet. Arbeidet med reguleringsplan vil sjølvstøtt medføra full planprosess med høyringar og evt. opne møte.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal